

Vaksdal Kommune
Konsul Jebsensgate 16
5722 Dalekvam

20.08.2021

Ronny Lilletvedt
Skulegata 6
5722 Dalekvam

SØKNAD OM UTSETJING AV VEDTEKE BUPLIKT GBNR. 41/1

Ber med dette om utsetjing av vedteke buplikt I saknr. 63/2019 på gbnr. 41/1 I 4628 Vaksdal kommune.

Det blir søkt om utsetjing av buplikta i 5 år frå 01.09.2021. Eg søker om utsetjing grunna tilstanden til bustadhus og dei andre bygga som er frå slutten av 1800 talet .Det er oppdaga så store skadar på bustadhuset at det krev ein heil del arbeid for å få det i stand om det I heile let seg gjera utan å rive. Det blei blant anna avdekkja råteskadar I konstruksjonen/tømmer, store lekkasjer frå tak , samt stor fuktinntrengning og svartsoopp I kjellar. Vannforsyninga til huset er ikkje slik at den tjenar forbruket til ein familie. I tillegg er eidedomen ilagt fyringsforbod for skorsteinen/grua I huset som må fjernast. Det er store utfordringar med vatn som kjem inn I kjellaren. For å fjerna dette må gammalt redskapshus/stove flyttast/rivast det må gravast og sprengast grøfter som leia vatenet vekk frå husa, dette er det store kostnader med.

Det har vore ein del utfordringar knytt til drifta av gården I seinare tid, som kommunen kjenner til. Dette må avklarast før eg som eigar kan fortsetja å investera millionar I gården. Investeringane som har vore gjort hittil har blitt gjort for å sikre drifta på gården med hensyn til innmark, sauehald og investeringa I maskiner, kartlegging av eiendommen/avtaler som er gjort alt dette er det store kostnader med.

Gården står utan driftsbygning etter godkjent vedtak av kommunen frå tidlegare eigar. Det har ikkje vore dyr på ca 30 år. Innmarka var skrinn når eg overtok, på grunn av manglande gjødsling og kun delvis har vorte slått. Innmarka var delvis igjengrodd med skog og det lagt ned mykje arbeid og kapital for å kunna ha sauar på beite og hausta eige vinterfor. Eg satser fullt ut på å halda gården I hevd. Driveplikten vil bli halde I hevd sjølv om det blir gjeve utsetjing på vedtaket om buplikt.

Med helsing
Ronny Lilletvedt